

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dato 13.10.2023
Vår referanse 2023/76359-2
Dykkar referanse 23/6841-23/72058
Sakshandsamar Sigrun Wølstad
E-post Sigrun.Wolstad@vlfk.no
Telefon 96944535

Att.Svein Arne Vågane

Kulturminnefagleg fråsegn - Oppgradering og bygging av landbruksveg - gnr. 149 bnr. 2 - Skardet - Alver kommune

Vi viser til Dykkar brev av 15.09.2023 med vedlegg. Saka gjeld oppgradering og bygging av landbruksveg på Kvitstein i Osterøy kommune. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med dei omsøkte tiltaka. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet sokjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KFO - Arealplan

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar
KFO - Arealplan

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift